



Før edne månaden er til ende skal første del av Geilo (biten frå riksvegen og eit stykke innover samt greina ned til oppvekstsenteret) ha fått asfalt. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Ivar Kåre Døssland i kommunen har no ein gledesbodskap å komma med til dei mange som trafikerar første del av Geilo og greina ned til Uskedalen Oppvekstsenter: Asfalten kjem innan utgangen av denne månaden!**

Denne kommunale vegstumpen har i ei årrekke minna mest om eit utørka elvefar, med mange hol og staup som vatnet har greve ut. Trafikken har auka kraftig år for år, ikkje minst til oppvekstsenteret. Den inste og lengste delen av Geilo er privat og har hatt asfalt i mange år.

Firmaet NCC har allereie vore i gang ei stund med kommunen sitt asfalteringsprogram for dette året, som tillet at det blir nytta 2,5 millioner. Det har vorte asfaltert mellom anna på Husnes og Seimsfoss og denne veka kommer turen til Ølve.

- Og neste veke står Uskedalen for tur?

- Eg trur vi seier at turen kjem til Geilo før oktober er slutt. Det er visse forarbeid som må gjerast, som nedsetting av ein kum ved krysset med riksvegen – for å samla opp vatnet.

Samstundes som dette er eit gledesbodskap til dei som trafikerar Geilo vil nok einiskilde uskedelinger bli vonbrotne over det vi ikkje får gjort i år med omsyn til reparasjon av asfalterte vegar.

- Kven tenker du då spesielt på?
- Eg tenkjer til dømes på dei som bur i Halsabrotet, svarar Døssland.

Av Ola Matti Mathisen